

Vedtekter for **Sognefrukt SA**

§1 Laget

Selskapet sitt namn er Sognefrukt SA. Selskapet har vekslende kapital og medlemstal. For selskapet sine plikter hefter kvart medlem berre for sin teikna partskapital.

§2 Føremål

Selskapet har som føremål, til fordel for parteigarane, å pakke, lagre og selje frukt/bær og tilhøyrande aktivitetar. Føremålet er og å søkje å betre kvaliteten på produkta som vert bydd ut for sal. Dette kan gjerast gjennom informasjon og hjelp til produsentar, og ved å stille høge krav til dei varer som vert pakka av selskapet.

§3 Forretningsstad

Selskapet sitt forretningskontor er i Leikanger kommune.

§4 Partane

Partskapitalen er delt på partar a kr. 100,-. For kvar part skal det betalast overkurs kr 400,- slik at kvar part blir betalt med kr 500,-.

Som parteigar kan registrerast ein eller to personar. Skal to personar verte registrerte som ein parteigar er det ein føresetnad at dei to eig eller driv driftseininga i lag.

Parteigarar som leverer

0 - 5 tonn frukt/bær pr. år skal eige 10 partar à kr. 500,-

5 - 10 tonn 20 partar

10- 20 tonn 30 partar

20- 30 tonn 40 partar

30 tonn og over 50 partar

Ved utrekning av partane vert det teke eit snitt av levert frukt/bær mengde dei 3 siste åra. For nye produsentar vert levert planlagd framtidig mengde vurdert ved innmelding lagd til grunn for utrekning av partane.

§5 Parteigarane sine rettar

Parteigarane skal ha rett til å få frukt/bær pakka/lagra av selskapet, så lenge parteigaren sitt produksjonsopplegg er godkjent av produsentforeining og grossist, og innafor selskapet si kapasitet.

§6 Partearane sine plikter

Partearane pliktar å halde dei til ei kvar tid gjeldande reglar.

§7 Opptaking av nye partearar

Nye produsentar må sende skriftleg søknad om opptak i partslaget. Søknader skal avgjerast av styret. Avgjersla i styret skjer ved vanleg fleirtal. Nektar styret opptaking, kan denne avgjersla bringast inn for årsmøtet, som tek den endelege avgjerda. Årsmøtet kan innvilge medlemskap med 2/3 fleirtal blant dei møtande partane. Avslag kan verte gitt utan grunngjeving. Opptaking av nye medlemar skal skje ein gong i året. Tidspunktet vert fastsett av styret.

§8 Teieplikt

Styret har full teieplikt om Sognefrukt SA sine forhandlingar, avtalar, vedtak ol. Styret er lojalitetspliktige overfor selskapet. Medlemene må korkje direkte eller indirekte misbruke det dei veit om noko som har med selskapet å gjera. Teieplikta gjeld også det styremedlemene får vite om partearane og deira verksemd gjennom arbeidet i styret.

§9 Styret

Selskapet vert leia av eit styre på 3-5 medlemar. Styremedlemene vert valde for 2 år. For å sikre kontinuitet i styret skal 2 medlemar vera på val eitt år og dei andre året etter. Leiar veljast for 1 år. Nestleiar vert valt av styret. Styremøte vert halde når det vert sett som naudsynt. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av medlemene, deriblant leiar eller nestleiar er til stades. Vedtak vert fatta med vanleg fleirtal. Forvaltning av selskapet er styret sitt ansvar. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av verksemda. Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta, og skal retta seg etter dei krav og pålegg styret gjev han. Styret skal i nødvendig utstrekning fastsetje planar og budsjett for selskapet. Styret skal også fastsetje retningsliner for verksemda. Styret skal halde seg orientert om selskapet sin økonomiske stilling og pliktar å syte for sikker kontroll av drifta, rekneskapen og forvaltninga av formue. Styret iverkset dei undersøkingane som er naudsynte for å kunne utføre sine oppgåver. Styret skal iverksetje slike undersøkingar dersom eit eller fleire av styremedlemene krev det. Styret skal ha tilsyn med den daglege leiinga og drifta i selskapet. Styret fastset instruks for den daglege leiaren. Selskapet sitt firma vert teikna av styreleiar og eit styremedlem i fellesskap.

§10 Valnemnd

Valnemnda har 3 medlemer, med geografisk spreing valt for 3 år. Eitt medlem er på val kvart år. Medlem som går ut kan ikkje ta attval (Kan veljast på nytt etter 1 år). Den som har vore lengst tid i valkomiteen fungerer som leiar. Valkomiteen skal kome med forslag til styre i samsvar med paragraf 9 i vedtektene, samt nytt medlem til valkomiteen.

§11 Årsmøte

Årsmøtet vert halde årleg innan 1. juli, med minst 14 dagar varsel. Styret fastset stad og dato for møtet.

Avgjersler i årsmøte vert tekne, om ikkje noko anna følgjer av vedtektene, med vanleg fleirtal. Ved likt tal er møteleiar si stemme avgjerande. Kvar partseigar har på årsmøte ei røyst.

Ved forfall kan medlem av huslyden eller anna partseigar møta med skriftleg fullmakt. Eit medlem kan ikkje møte med meir enn ei fullmakt.

Årsmøtet skal handsama:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av referent og to til å signere møteprotokoll
3. Godkjenning av årsmelding
4. Godkjenning av årsrekneskap inklusive disponering av årsresultat
5. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde
6. Orientering om budsjett
7. Val av medlemmer til styre
8. Val av leiar i styre
9. Val av nytt medlem til valnemnd
10. Val av revisor
11. Andre saker som er nemnde i innkallinga

§12 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast med minst 14 dagar varsel når styret eller minst 20 av partseigarne krev dette. Varsel og stemmegiving skjer som ved ordinært årsmøte.

§13 Møteleiing og protokollar

Leiar av styret eller den styret har peikt ut skal vere møteleiar på årsmøtet. Møteleiar skal føre oversikt over kor mange partseigarar som møtte og tal stemmer kvar av dei representerer, sjølv eller ved fullmakt.

Saker som ikkje er meldt partseigarane ved innkalling til generalforsamlinga, kan ikkje avgjerast utan at alle møtande parteigarar samtykker.

Ein partseigar kan krevje at styret eller dagleg leiar på årsmøtet gir tilgjengelege opplysningar om forhold som kan ha innverknad på vurderinga av:

- o Godkjenning av årsrekneskapen og årsmelding
- o Saker som er lagt fram for parteigar til avgjerd.
- o Selskapet sin økonomiske stilling.

Det skal førast protokoll over styret sine møte og over årsmøtet. Styreprotokollen skal underskrivast av alle styremedlemene som var til stades i styremøte, eller vedtakast i neste styremøte. Årsmøteprotokollen skal underskrivast av møteleiar og to parteigarar peika ut av årsmøtet ved byrjinga av møtet. Protokollen skal haldast tilgjengeleg for parteigarane hjå selskapet.

§14 Kunngjering

Innkalling til ordinær eller ekstraordinær årsmøte skjer ved brev til parteigarane i Sognefrukt SA, til den adresse som er oppgjeve til selskapet. Innkallinga kan og skje elektronisk. Innkalling skal sendast seinast 14 dagar før møtedag. Møteinnkallinga skal innehalde ei saksliste som syner dei saker som skal takast opp. Saker medlemene ynskjer handsama må vera innsendt innan 15. februar.

§15 Rekneskap og årsmelding

Rekneskapsåret følgjer kalenderåret. Kvart år, og seinast saman med innkallinga til årsmøtet, sender styret årsoppgjer med resultatrekneskap og balanse, samt revisjonsmelding og styret sin årsmelding, til parteigarane.

§16 Bruk av overskot

Styre kjem med forslag til disponering av overskot.

Det kan ikkje disponerast større beløp enn det styret føreslår eller godtek.

Disponering av årsoverskot kan skje innan fylgjande råmer:

1. Godskriving av eigenkapital
2. Etterbetaling (jf. Samvirkeloven §27)
3. Avsetning til etterbetalingsfond (jf. Samvirkeloven §28)
4. Avsetning til medlemskapitalkonti (jf. Samvirkeloven §29)
5. Forrenting av partsinnskot og medlemskapitalkonto (jf. Samvirkeloven §30).

§17 Utmelding av samvirkeføretaket

Utmelding av laget må gjerast seinast 3 månader før rekneskapsåret går ut. Medlem som går ut or laget, hefter for partane sine til årsrekneskapen er godkjend av årsmøtet. Partane vert utløyste etter det verde dei har etter rekneskapen, men ikkje i noko høve meir enn til teikningskurs. (for Sognefrukt BA kr 5000,-, PL Leikanger Fruktlager kr 500,- og Partlaget Hermansverk Fruktlager BA kr 500,-). Styret kan gjera vedtak om utløysing av medlemar som ikkje har levert varer dei siste 3 driftsåra. Dersom ein parteigar går ut over selskapet sine lover eller vedtak, eller mislegheld sine plikter overfor selskapet, eller på anna vis motarbeider selskapet sine interesser, kan styret med øyeblikkeleg verknad stoppe pakking av vedkommande sine varer, og seie opp medlemsskapet. Ein parteigar som er blitt ekskludert eller sagt opp av styret, kan bringe styret si avgjerd inn for generalforsamlinga som med 2/3 fleirtal blant dei møtande partane kan oppheve styret sitt vedtak.

§18 Oppløysing av samvirkeføretaket

Forslag til oppløysing av Sognefrukt SA kan vedtakast av årsmøtet med 2/3 fleirtal av frammøtte. Når selskapet er vedteke oppløyst skal årsmøtet velje eit avviklingsstyre som trer inn i staden for styret og dagleg leiar. Likvidasjon skjer evt. etter reglar i dei til einkvar tid gjeldande lovreglar. Eventuelt overskot, etter at all gjeld og parteigarane sine innskot er dekkja, vert delt mellom parteigarane i høve til omsetning for vedkommande parteigar dei tre siste heile rekneskapsåra selskapet har vore i drift.

§19 Vedtektsendringar

Endring av vedtekter kan gjerast på årsmøtet, med minst 2/3 fleirtal av partane til dei møtande parteigarane.

§20 Opptakserklæring og vedtaking av vedtektene

Kvar parteigar, som vert oppteken i Sognefrukt SA skal skriftleg teikne seg for sin part og seie frå at han vil bli medlem, og vedtek desse vedtektene. Ved opptak får kvar parteigar eit eksemplar av vedtektene. Partane skal teiknast med overkurs kr 400,-, i alt kr.500,- for kvar part.